



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato
13.02.2017
Dykkar dato
27.01.2017

Vår referanse
2017/1299 422.1
Dykkar referanse
320728-001/1782613/v1/sttu

Kluge Advokatfirma v/ Steinulf Tungesvik
Postboks 394 Sentrum
5805 BERGEN

Stadfesting av vedtak om rettsleg klageinteresse - Meland - Gnr 49 Bnr 11 - Konesjon for kjøp av landbrukseigedom

Vedtak:

Fylkesmannen stadfestar Meland kommune sitt vedtak av 25.11.2016 om å avvise klagen frå Bengt Ingvard Iden på vedtaket om å gje Per Gjessig Høiland og Grethe Iden konesjon til erverv av gnr. 49, bnr. 11, etter forvaltningslova § 33, som følgje av manglande rettsleg klageinteresse i medhald av forvaltningslova § 28 første ledd første setning.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Kva saka gjeld:

Per Gjessing Høiland og Grethe Iden søkte konesjon for erverv av gnr. 49, bnr. 11 i Meland kommune 24.05.2016.

Administrasjonen kom med ei positiv innstilling til Utval for drift og utvikling sitt møte 06.06.2016, om å gje konesjon til søkerane. Saka blei her utsatt til medlemmane hadde vore på synfaring. Det blei samstundes bedt om fleire opplysningar frå søker.

I innstilling til møte 05.09.2016 var administrasjonen framleis positiv til å gje konesjon, men Utval for drift og utvikling fatta følgjande vedtak:

«Utval for drift og utvikling avslår med heimel i konesjonslova §§ 2, 9 og 11 konesjon til Per Gjessing Høiland og Grete Iden for overtaking av gnr 49 bnr 11 på Io i Meland kommune.

Utvalet ynskjer at eigdommen vert søkt overdregen som tilleggsjord til eit nabobruk.»

Per Gjessing Høiland og Grethe Iden påklaga vedtaket 23.09.2016.

Klagen blei handsama i møte for Utval for drift og utvikling 25.10.2016, der vedtak fatta 05.09.2016 blei kjend ugyldig etter forvaltningslova § 41 som følgje av sakshandsamingsfeil. Det blei fatta eit nytt vedtak i saka, som var i samsvar med administrasjonen sin innstilling om å gje konesjon.

Vedtaket datert 25.10.2016 blei seinare påklaga av Stein Erik Kårbø, Ole Petter Søderstrøm og Bengt Ingvar Iden. Kommunen kom fram til at klagane hadde kome inn til rett tid, jf. forvaltningslova § 29 jf. § 30. Klagane vert likevel avvist i vedtak datert 25.11.2016, som følgje av at kommunen kom fram til at klagarane ikkje hadde rettsleg klageinteresse i saka etter forvaltningslova § 28 første ledd jf. § 33 andre ledd andre setning.

Avvisningsvedtaket vert påklaga av Kluge Advokatfirma ved Steinulf Tungesvik på vegne av Bengt Ingvar Iden per e-post 16. og 23. desember og merknader sendt inn i brev datert 10.01.2017. Det vert i klagen vist til at det ligg føre sakshandsamingsfeil, som følgje av at saka ikkje var tilstrekkeleg belyst og feil rettsbruk ved vurderinga av rettsleg klageinteresse.

I samband med opplysningsplikta blir det vist til at Iden hadde opplysningar knytt til salet, og har gjeve eit tilbod om å kjøpe arealet.

Knytt til rettsleg klageinteresse blir det vist til at Iden har sterk nok tilknytning til eigedomen, blant anna som følgje av at vedtaket fatta 05.09.2016 seier at Utvalet ynskjer at eigedomen blir selt som tilleggsjord til eit nabobruk. Det blir vidare vist til rundskriv M-2/2009 som underbygger dette. Vidare følgjer det av rettspraksis at dersom kommunen har oppfatta at klagar har klagerett, vil dette ha stor vekt, og vist til at vedtaket blei sendt til Iden med informasjon om klageretten.

Kommunen handsama klagen 24.01.2017 og kom fram til at Bengt Ingvar Iden ikkje hadde tilstrekkeleg tilknytning til eigedomen, sjølv om han har interesse for eigedomen som tilleggsjord.

Det vert vidare vist til at vedtaket som blei fatta 05.09.2016 mangla grunngeving og såleis var ugyldig. Det var heller ikkje mogeleg å fastslå kva som var utslagsgjevande for dette vedtaket, om det i tilfelle var ment å tilgodesjå bestemte gardsbrukarar. Årsaka til at kommunen sendte vedtaket til blant anna Bengt Ingvar Iden var som følgje av at dei hadde merknader til saka, og ut i frå god forvaltningsskikk ville ein opplyse om resultatet. Det var ikkje dermed sagt at dei også hadde klagerett på vedtaket.

Dei momenta knytt til opplysningsplikten etter forvaltningslova § 17 gjer seg ikkje gjeldande i samband med klagen på avvisningsvedtaket, men er knytt til pris og konsesjonshandsaminga, noko som kommunen meiner er ivaretatt. Saka blei med dette sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Fylkesmannen si fråsegn:

Etter forvaltningslova (fvl) § 34 kan klageorganet prøve alle sider ved saka. Statleg klageinstans skal likevel leggje vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie forvaltningsskjønnet i saka.

Fylkesmannen legg til grunn at klagen har kome inn til kommunen til rett tid etter fvl. § 29 jf. § 30. Det følgjer av fvl. § 2 tredje ledd at avgjersle om å avvise ein sak, er å rekne som eit enkeltvedtak. Klagen kan difor handsamast.

I klagen går det fram at ein er av det syn at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst, ved at Iden har informasjon om salet og at dette ikkje er vurdert i vurderinga om konsesjon skal gjevast. Vidare indikerer dette at Iden har klagerett på vedtaket.

Det følgjer av fvl. § 17 første ledd første setning at forvaltningsorganet skal *«påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.»*

I Ot.prp.nr.3 (1976-1977) side 71-74 går det fram at sjølv om lova gir forvaltninga pålegg om å sørge for at saka er så godt opplyst som mogeleg, så er det likevel ikkje nærare forklart kva dette inneberer. Det går her fram at formålet med føresegna blant anna er å ivareta kontradiksjonsprinsippet, i den grad partane i ei sak skal ha mogelegheit for å kome med uttale til dei opplysningane som kjem inn til forvaltninga før vedtak blir fatta.

Når det gjeld plikten til å sørge for at ei sak er så godt opplyst som mogeleg etter fvl. § 17, blir det i punkt 11.1 i rundskriv M-2/1009 uttalt *«Kommunen har ansvaret for å hente inn nødvendige opplysninger og tilrettelegge saken før den blir avgjort. Kommunen skal i den forbindelse kontrollere at opplysningene i konsesjonssøknaden er riktige, og den skal eventuelt gi supplerende opplysninger om eiendommens størrelse og beskaffenhet. Hvis det mangler sentrale opplysninger, må kommunen innhente opplysningene.»*

Departementet har her kome med døme på ulike forhold kor forvaltninga vil ha plikt til å undersøke tilhøva nærare, blant anna blir det uttalt *«Når kommunen ser at det ligger an til avslag fordi eiendommen bør brukes som tilleggsjord av andre enn konsesjonssøker, må den sjekke om det er interesse for eiendommen som tilleggsjord. Dersom kommunen mener eiendommen bør overtas av en annen enn konsesjonssøker, må vedkommende spørres om han eller hun er interessert i å overta. En slik henvendelse bør følges av en kort orientering om adressatens stilling i saken. Det må gjøres klart at vedkommende i så fall ikke har fått noen rett til å overta eiendommen. Det bør også gjøres klart at det offentlige ikke påtar seg noen økonomiske forpliktelser.»*

I ein uttale frå Sivilombudsmannen, SOM-2012-1105-2, gjaldt saken gyldigheten av eit vedtak kor eit AS blei nekta konsesjon, som følgje av at ein ynskja å styrke andre interessentar. I denne saka hadde interessentane først gitt uttrykk for at dei var villige til å tre inn i avtale, men at dei seinare likevel ikkje var interessert. Avslaget blei likevel oppretthaldt. Det blir i uttalen til Sivilombudsmannen vist til Rt. 2012 s. 18, og uttalt at *«Det forutsettes i forarbeidene - jf. Høyesteretts sitat fra Ot.prp.nr.33 (2000-2001) side 62 ovenfor - at forvaltningen kan måtte undersøke nærmere om det er alternative interessenter. Om interessentene var reelle alternativer til konsesjonssøker er avgjørende for SLFs rettslige adgang til å avslå søknaden. Forvaltningen plikter å undersøke slike avgjørende deler av faktum grundig.»*

Det sentrale vil vere om det ligg an til avslag på konsesjonssøknaden, jf. omgrepet *«kan»*. Dette er noko som vil kome an på kva formålet med ervervet er og kven det er som er søkar, ut i frå ei konkret vurdering av tilhøva etter § 9. Det er dermed ikkje ein plikt at kommunen i kvar enkelt sak undersøkar om det er nokon naboar som har behov for tilleggsjord, men berre i dei tilhøva kor søknad om konsesjon ligg an til å bli avslått, til dømes som følgje av at ein ser at eigeodomen bør nyttast som tilleggsjord.

Fylkesmannen er av det syn at konsesjonssaka var tilstrekkeleg opplyst, jf. fvl. § 17.

Det går fram av klagen at Iden har tilstrekkeleg tilknytning ved at vedtak datert 05.09.2016 innebar at eigedomen måtte seljast til eit nabobruk, samstundes som Iden fekk melding om vedtak datert 25.10.2016 med informasjon om klagerett. Dette inneberer at han har rettsleg klageinteresse og klagen difor må realitetshandsamast. Det blir i samband med vedtak datert 05.09.2016 vist til utvalet meinte at eigedomen burde seljast som tilleggsareal når søknaden om konsesjon blei avslått.

Det følgjer av fvl. § 28 første ledd, første setning at eit enkeltvedtak kan *«påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse»*.

Det er ikkje tvil om at Bengt Ingvard Iden fell utanfor omgrepet *«part»* slik det er definert i forvaltningslova § 2 første ledd bokstav e, då verken avgjersla, konsesjonsvedtaket eller saka elles er retta mot Bengt Ingvard Iden. Det er i rundskriv M-2/2009 i punkt 10.3.1 lagt til grunn at det i utgangspunktet berre er søkar som er part, men at andre kan ha rettsleg klageinteresse.

Fylkesmannen har difor tatt stilling til om Bengt Ingvard Iden har rettslig klageinteresse etter fvl. § 28. Omgrepet må sjåast i samband med tidligare tvistemålslov § 54, no tvistelova § 1-3 nr. 2, jf. Ot.prp.nr.38 (1964-1965) side 98.

Det går fram av tvistelova § 1-3 nr 2 at den som skal reise ei sak, må påvise eit reelt behov for å få saka avgjort. Det følgjer av andre ledd at dette avgjerast ut i frå ei samla vurdering av *«kravets aktualitet og partenens tilknytning til det.»*

Det blir frå klagar si side vist til at vedtaket som blei fatta 05.09.2016 gir Iden tilstrekkeleg tilknytning til saka, samstundes som dette blir underbygga av at kommunen har sendt melding om vedtak fatta 25.10.2016 der det blir opplyst om klageretten.

Det blir i samband med utsending av sistnemnde vedtak vist til Rt. 1980 s. 1164, Rt. 1980 s. 1070 og RG-1989-405.

Rt. 1980 s. 1164 gjeld rettsleg klageinteresse, der jordsøkar var direkte tilgodesett i vedtak fatta av Fylkeslandbruksstyret. Konsesjonssøkar klaga på vedtaket og fekk medhald av Landbruksdepartementet, og klage på dette vedtaket frå jordsøkar blei avvist som følgje av manglande rettsleg klageinteresse. Høyesteretts kjæremålsutval kom på bakgrunn av faktum i saka fram til at:

«Det er riktig som hevdet av Landbruksdepartementet, at Ripe aldri har hatt noe rettskrav på at forkjøpsrett til eiendommen Viken skal gjøres gjeldende til fordel for ham. Dette kan dog ikke være avgjørende for spørsmålet om rettslig interesse foreligger. Det kan ikke være tvilsomt, og følger da også av sikker forvaltningspraksis, at en jordsøker som i et vedtak av fylkeslandbruksstyret er utpekt som den det ønsker å gjøre gjeldende forkjøpsrett til beste for, etter forvaltningslovens § 28 har rett til å påklage til departementet en omgjøringsbeslutning som treffes i medhold av forvaltningslovens § 33 annet ledd. Går klageinstansens avgjørelse vedkommende imot, må han kunne få rettmessigheten av dette vedtaket prøvet for domstolene.»

Tilsvarande standpunkt følgjer av Rt. 1986 s. 1164, der Høyesteretts kjæremålsutval kom fram til:

«Den kjærende part (Olsen) er som eier av bnr. 8 interessert i å erverve jord fra et nabobruk (bnr. 2). Spørsmålet er om hun har adgang til å få prøvet for domstolene gyldigheten av forvaltningsvedtak som gir eieren av et tredje bruk (Kristoffersen - bnr. 6) rett til å gjennomføre kjøp av en del av denne jorda. Det er et spørsmål om hun har tilstrekkelig tilknytning til søksmålgjenstanden - vedtakene - til at hun har rettslig interesse i søksmålet, jfr. tvistemålsloven § 54.

Lagmannsrettens premisser må forstås slik at det er lagt til grunn at det ikke er noe absolutt vilkår for rettslig interesse at Olsen, om søksmålet fører frem, oppnår et rettskrav på å få disponere eller erverve deler av jorda på bnr. 2. En klart bedret faktisk posisjon for henne vil etter omstendighetene kunne være nok. Et slikt rettslig utgangspunkt for vurderingen etter tvistemålsloven § 54 er etter utvalgets mening riktig, jfr. Rt-1980-569 og Rt-1980-1070.

I vurderingen av om Olsens interesse i søksmålet er tilstrekkelig har lagmannsretten trukket inn de forhold Olsen påberopte seg for lagmannsretten - leieretten til deler av bnr. 2 og muligheten for at ekspropriasjonsspørsmålet skal bli vurdert på nytt. Rettens konklusjon er at hennes interesse er for fjern og avledet. Denne konkrete vurderingen kan utvalget ikke prøve.»

Vidare blir det uttalt:

«Landbruksdepartementets brev av 7. september 1984 i konsesjonssaken var fremlagt med stevningen. Hvis brevet må forstås slik at departementet har ansett den kjærende part for klageberettiget, vil det være et moment ved vurderingen av om han har rettslig interesse i å få prøvet dette vedtaket, jfr. Rt-1980-1070. Dette burde ha vært vurdert av herredsretten og lagmannsretten.

Det er nær sammenheng mellom konsesjonsvedtaket og samtykket til deling. Av den grunn vil rettslig søksmålsinteresse for vedtaket i konsesjonssaken, grunnet i at Olsen var klageberettiget i forvaltningsssaken, også kunne være av betydning ved vurderingen av hennes rettslige interesse i å få prøvet gyldigheten av delingssamtykket. Det fremgikk for øvrig av stevningen at delingssaken og ekspropriasjonssaken var forenet til felles behandling. Den faktiske sammenheng mellom disse sakene kunne tilsi at Olsen også måtte kunne utøve forvaltningsrettslige rettigheter ved behandlingen av delingssaken. Også dette ville kunne være av betydning ved vurderingen av søksmålsinteressen og burde vært behandlet av herredsretten og lagmannsretten.»

Avgjersle frå Hålogaland lagmannsrett som klagar visar til, RG189-405, gjeld same sak som Rt. 1986 s. 1164. Det sentrale for vurderinga knytt til rettsleg klageinteresse, og som er bakgrunnen for saka, var at Fylkeslandbruksstyret ønsket i utgangspunktet å fordele jordressursar mellom to ulike landbrukseigedomar, men enda i realiteten opp med å fordele den eine parten dei areala vedkommande ønsket seg, samstundes som den andre ikkje fekk noko. Det blir i avgjersla uttalt:

«Dersom Jorunn Olsen ikke er enig i denne rasjonaliseringsløsningen, hvis opprinnelse er det initiativet som fylkeslandbruksstyret iverksatte til fordel også for hennes bruk, er hennes eneste mulighet for å oppnå en annen løsning å klage over alle vedtakene, også vedtakene om delingstillatelse og konsesjon. En klage over avslaget på hennes ekspropriasjonssøknad vil ha

liten realitet dersom hun på grunn av manglende klagerett over konsesjonsvedtaket og delingstillatelsen er avskåret fra å endre premissene for avgjørelsen.

På denne bakgrunnen kan ikke lagmannsretten se annet enn at både delingstillatelsen og vedtaket om å gi Kristoffersen konsesjon for å erverve deler av bnr. 2, berører Jorunn Olsens interesser i en slik grad at hun måtte ha rettslig klageinteresse etter fvl. § 28, selv om ingen av vedtakene berører hennes formelle rettsstilling.

Også forvaltningsorganene på de ulike nivåer har ansett Olsen som klageberettiget i delingssaken og i konsesjonssaken.»

Når det gjeld vedtaket datert 05.09.2016, så blei dette seinare oppheva av kommunen som følge av at grunngevinga frå utvalet ikkje var i tråd med forvaltningslova § 24 og § 25, og såleis ugyldig, jf. § 41. Det var ingen grunngeving frå utvalet si side, anna enn det utdraget som går fram innleiingsvis. Dei merknadane frå klagar knytt til bakgrunnen for vedtaket til utvalet, er dermed ikkje etterprøvbart då dette ikkje går fram av grunngevinga. Det er dermed ikkje mogeleg å fastslå kva som var utslags-gjevande for at søknad om konsesjon blei avslått, all den tid saksutreiinga frå administrasjonen var positiv. Fylkesmannen kan difor ikkje leggje vekt på dette vedtaket, då det ikkje er rettsleg bindande.

Fylkesmannen vil likevel kommentera utdraget frå rundskriv M-1/2013 punkt 10.3.1, knytt til «*vilkår som tilgodeser en eller flere bestemte, vil vedkommende ha klagerett dersom førstinstansen omgjør vedtaket sitt i klageomgangen.*»

Det sentrale vil her vere at vedtaket faktisk vil tilgodesjå ein eller fleire bestemte, noko som ikkje var tilfellet i vedtaket 05.09.2016. Situasjonen ville ha vore annleis om vilkåret var knytt til bestemt person eller landbrukseigedom, slik at vedkommande kunne identifiserast. I dette vedtaket var ordlyden såpass vid at eigeiendomen i realiteten kunne ha blitt selt til kven som helst som kunne vareta formålet til konsesjonslova, utan at dette nødvendigvis ville ha vore Iden. I dei tre domane som er nemnt i klagen, hadde vedkommande ein sterkare tilknytning til saka i form av å vere direkte eller tiltenkt å vere tilgodesett, enn det Iden kan seiast å vere.

At Iden fekk tilsendt vedtaket der det var opplyst om klagerett, er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg for å fastlå at han har rettsleg klageinteresse. Fylkesmannen vil i samband med dette visa til Forvaltningsloven med kommentar 2011, av Geir Woxholth, der det på side 472-2473 blir uttalt:

«Andre enn partene har ikke krav på underretning. En annen sak er at også andre kan varsles i den enkelte sak om det er hensiktsmessig, jfr Ombudsmannens Årsmelding 1977 s 117. Ofte vil god forvaltningsskikk tilsi at også andre enn partene underrettes. Jfr også Årsmeldingen 2001 s 66.

Norges Naturvernforbund klaget etter utløpet av klagefristen over at en søknad om konsesjon til oppdrettsanlegg etter fiskerioppdrettsloven var innvilget. Klagen ble avvist da Fiskeridirektoratet ikke fant grunnlag for å gi oppreisning for fristoversittelse. Ombudsmannen kritiserte at Naturvernforbundet ikke var underrettet om at konsesjonsvedtaket var truffet i og med at forbundet hadde fremsatt bemerkninger i anledning konsesjonssøknaden under den forberedende behandlingen. Selv om forbundet ikke var part, fulgte det av prinsippet om god forvaltningsskikk at underretning burde ha vært gitt.»

Når Iden har kome med merknader og vist interesse for eigedomen, vil det vere naturleg frå forvaltninga si side å underrette om resultatet. Spørsmålet knytt til rettsleg klageinteresse vil det først vere naturleg å ta stilling til på det tidspunktet eventuell klage blir lagt fram for forvaltninga. Det er dermed ikkje avgjort at vedkommande har rettsleg klageinteresse.

Det blir i rundskriv M-2/2009 punkt 10.3.1 lagt til grunn om ein har rettsleg klageinteresse vil det kome an på i kor stor grad vedtaket har faktiske og rettslege konsekvensar. Det må i den enkelte sak gjerast ei konkret heilskapsvurdering av dei faktiske tilhøva i saka . *«Det avgjørende er om klagerens tilknytning til saken er av en slik art og styrke at det er rimelig at det gis anledning til å få prøvd vedtaket for en høyere forvaltningsinstans. [...] Det avgjørende må være vedkommendes tilknytning til jorda som overdras. Det vil i denne vurderingen eventuelt være et moment at jorda inngår som en viktig del av vedkommendes ressursgrunnlag.»*

Det følger av nemnte rundskriv og av SOMB-2003-78 at ein nabo med interesse for konsesjonsjorda, som hovudregel ikkje har rettsleg klageinteresse i ei konsesjonssak. I denne saka kom Sivilombudsmannen til at to av klagarane hadde rettsleg klageinteresse, då dei hadde føretatt til dels store investeringar på eigedomen, og den eine hadde blant anna driftsbygning ståande på eigedomen. Sivilombudsmannens uttalte blant anna at *«Undertiden vil det imidlertid kunne være slik at vedkommende har en så vidt sterk tilknytning til konsesjonseiendommen at det er best i tråd med forvaltningslovens § 28 og alminnelige forsvarlighetsprinsipper å gi vedkommende klagerett. Dette vil etter mitt syn kunne være tilfelle når konsesjonsjorda har en tilstrekkelig stor faktisk og økonomisk betydning for den som mener seg klageberettiget, for eksempel ved at jorda inngår som en viktig del av ressursgrunnlaget for klagerens egen drift. Det avgjørende må være vedkommendes tilknytning til eiendommen som overdras.»*

I LH-2011-16257 frå Hålogaland lagmannsrett tok retten stilling til om ein nabo ville ha rettsleg klageinteresse, knytt til gyldigheita til eit konsesjonsvedtak. I saka blei det ført at saksøkar si forvaltning og langvarige bruk av eigedomen, ville tilseie at vedkommande hadde tilstrekkeleg tilknytning til eigedomen, slik at ho hadde rettsleg klageinteresse. Det blei av lagmannsretten vist til Sivilombudsmannen sine uttaler og vurderingar, knytt til sakar som gjaldt konsesjon og tilknytingskravet. Det blir av retten lagt til grunn at som hovudregel vil ikkje det at ein har vist interesse til å ta over eigedomen, vere tilstrekkeleg for å ha rettsleg klageinteresse. *«Tilstrekkelig sterk tilknytning til konsesjonseiendommen vil kunne foreligge når konsesjonsjorda har en tilstrekkelig stor faktisk og økonomisk betydning for den som mener seg klageberettiget, for eksempel ved at jorda inngår som en viktig del av ressursgrunnlaget for klagerens egen drift.»* Det blir vidare i dommen vist til at lovendinga knytt til forkjøpsrett, førte til at det offentlege ikkje kan legge vekt på ynskjer frå naboeigedomar eller andre interessentar som ynskjer seg tilleggsareal.

Det sentrale ved vurderinga vil vere i kor stor grad konsesjonsjorda har hatt innverknad for drifta til Iden. Det går fram av klagen at bakgrunnen er å styrkje eige bruk, mens formålet til konsesjonssøkar er å starte opp drift på eigedomen. Kommunen har kome fram til at formålet til konsesjonssøkar er i samsvar med dei formåla lova skal ivareta.

Det er den tidligare bruken av eigedomen som her vil vere sentral, i kva grad Iden har nytta seg av eigedomen til landbruksdrift mens eigedomen har vore i ein anna person si hand. Eit

relevant moment i denne vurderinga vil vere om det har vore ein leigekontrakt knytt til enten heile - eller deler av egedomen.

Det går ikkje fram av klagen eller anna dokumentasjon i saka at det har vore ei slik avtale. Dette er forhold som samla sett talar for at Iden ikkje har tilstrekkeleg tilknytning til saka, anna enn å interesse for egedomen som tilleggsjord.

Om søkar får konsesjon, er ikkje dette noko som i utgangspunktet vil ha verknad for den faktiske eller rettslege situasjonen når det kjem til bruken av dette arealet. Det same gjeld eigedomsgrensa, då Iden sin rettslege situasjon ikkje vil bli endra som følgje av at bnr. 11 får ein ny eigar. At bnr. 4 grensar mot bnr. 11 er heller ikkje noko som i praksis har vore tilstrekkeleg for å ha rettsleg klageinteresse. Det skal og merkast at det ikkje er den dyrka jorda som grensar til kvarande, men dyrka jord på bnr. 4 mot det som i gardskart frå skog og landskap er angjeve som skrin fastmark på bnr. 11. Den dyrka jorda på egedomane ligg om lag 200 meter frå kvarande i luftlinje.

Etter ei samla vurdering har Fylkesmannen kome til at det ikkje ligg føre argument som tilseier at Bengt Ingvard Iden har tilstrekkeleg tilknytning til egedomen, og dermed rettsleg klageinteresse etter forvaltningslova § 28 første ledd første setning, eller at saka ikkje har vore tilstrekkeleg opplyst etter § 17 i forvaltningslova. Fylkesmannen meiner difor at kommunen sitt vedtak om å avvise klagen som følgje av manglande rettsleg klageinteresse byggjer på forsvarleg lovbruk og skjønnsutøving, og at vedtaket dermed kan stadfestast.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Trond Håkon Stadheim
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Per Gjessing Høiland og Grethe Iden	Nedre Dynnersmau 1	5011	BERGEN
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug